



Helge Blåsternæs  
Bjørsvikvegen 9  
5993 OSTEREIDET

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/7324 - 21/63960

Saksbehandlar:  
Trygve Solberg  
trygve.solberg@alver.kommune.no

Dato:  
24.09.2021

## Ferdigattest hus for landbruk - gbnr 231/10 Bjørsvik

**Administrativt vedtak:** Saknr: 996/21  
**Tiltakshavar:** Helge Blåsternæs  
**Søknadstype:** Søknad om ferdigattest

### VEDTAK:

**Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve ferdigattest for stall og tilbygg til garasjeuthus på gbnr 231/10.**

**Bygningene må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset.**

**Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.**

Tiltakshavar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 10.01.2007. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 24.08.2021.

### Skildring

Adresse:	Bjørsvikvegen 9
Bygningstiltak:	Hus for dyr/landbruk
Bygningsnummer:	23988690
Bruksareal:	50m <sup>2</sup>
Bygningstiltak:	Garasjeuthus, tilbygg
Bygningsnummer:	176308818 -1
Bruksareal:	58m <sup>2</sup>

### **Regeleverk**

- Krav om sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/7324

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Trygve Solberg  
Sakshandsamar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Mottakar:**

Helge Blåsternæs

Bjørsvikvegen 9 5993

OSTEREIDET